



# POLITIET

## Søknad om politiattest

Utfylt skjema med vedlegg skal sendast til: Politiets eining for vandelskontroll og politiattestar, Postboks 113, 9951 Vardø. Felt merka med \* er obligatoriske og må fyllast ut.

### Informasjon om søker av politiattest: \*

<sup>1)</sup> Fullt namn (blokkbokstavar):	<sup>2)</sup> Fødselsnummer:
<sup>3)</sup> Eventuelt tidlegare for- og/eller etternamn (blokkbokstavar)	
<sup>4)</sup> Postadresse, postnummer og stad, land	
<sup>5)</sup> E-post:	<sup>6)</sup> Telefonnummer:

### Føremål med søknad om politiattest: \*

<sup>7)</sup> Føremål med søknad om politiattest:
---

### Vedlegg til søknad om politiattest: \*

<sup>8)</sup> Gyldig legitimasjon og stadfesting på føremål med søknad om politiattest
<input type="checkbox"/> Kopi av gyldig legitimasjon er vedlagt.
<input type="checkbox"/> Stadfesting på føremål frå arbeids-/oppdragsgjevar er vedlagt. (Gjeld berre føremål med krav om stadfesting)

### Dersom politiattesten skal brukast i utlandet:

<sup>9)</sup> Type politiattest <input type="checkbox"/> Ordinær <input type="checkbox"/> Uttømmende <input type="checkbox"/> Uttømmende og utvida	<sup>10)</sup> Attestspråk <input type="checkbox"/> Bokmål <input type="checkbox"/> Nynorsk <input type="checkbox"/> Engelsk
<sup>11)</sup> Utanlandske styresmakter krev legalisering: <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, til land: _____	

### Underskrift: \*

<sup>12)</sup> Stad og dato:	<sup>13)</sup> Signatur søker:
<sup>14)</sup> Signatur føresette (viss søker er under 18 år):	

# Rettleiar for utfylling av søknadsskjema

Vi påpekar at det er den som skal søke om politiattest som skal fylle ut skjemaet og sende inn søknaden med vedlegg.

## **Punkt 1, 2 og 3: Fullt namn, fødselsnummer og eventuelt tidlegare for- og/eller etternamn**

Her fyller du inn ditt fulle namn og fødselsnummer (fødselsdato og personnummer). Viss du ikkje har eit norsk fødselsnummer, fyller du inn fødselsdato. Viss du på noko tidspunkt har endra for- og/eller etternamn, fyller du inn tidlegare namn i punkt 3.

## **Punkt 4: Postadresse, postnummer og stad, land**

Her fyller du inn din postadresse, postnummer og poststad. Dersom du bur i utlandet må du også skrive kva land du bur i.

## **Punkt 5 og 6: E-post og telefonnummer**

Her fyller du inn e-postadressa og telefonnummeret ditt.

## **Punkt 7: Føremål med søknad om politiattest**

Her skriv du kva du skal bruke politiattesten til, for eksempel at du har fått tilbod om ei stilling eller eit verv med krav om politiattest, eller at du skal sende ein søknad til offentlege myndigheiter og må legge ved politiattest. Ei oversikt over godkjente føremål for søknad om politiattest finn du i [Politiets føremålsoversikt](#).

## **Punkt 8: Kopi av gyldig legitimasjon og stadfesting på føremål med søknad om politiattest**

Du må legge ved kopi av gyldig legitimasjon. Gyldig legitimasjon er pass, nasjonalt ID-kort, norsk bankkort med bilete, norsk førarkort, Forsvarsdepartementets ID-kort (frå 2004), gyldig postens ID-kort ferda ut etter 01.10.94, nasjonalt ID-kort ferda ut innanfor EØS-området, norsk reisebevis for flyktingar (grønt pass), norsk utlendingspass (blått pass) og opphaldstillatingskort (begge sider). Har du norsk pass som er ferda ut etter 19.10.2020 treng vi kopi av både for- og baksida av personaliasida.

Dersom føremålet krev stadfesting frå arbeids- eller oppdragsgjevar, så må du legge ved dette. Ei oversikt over føremål som krev stadfesting finn du i [Politiets føremålsoversikt](#).

## **Punkt 9, 10 og 11: Type politiattest, attestspråk og behov for legalisering**

Viss du skal framvise politiattesten din for utanlandske styresmakter, kryssar du av for kva type politiattest du skal framvise og kva språk politiattesten skal skrivast ut på.

Du kan be om at politiattesten skal sendes til legalisering eller apostille (ein forenkla form for legalisering). Dette er berre naudsynt dersom utanlandske styresmakter krev det. Informasjon om kva legalisering og apostille er finn du her: [Legaliseringer - regjeringen.no](#). Dersom du ber om at politiattesten skal legaliserast, vil politiet vidaresende politiattesten til Statsforvalteren (for apostille) eller Utanriksdepartementet (for legalisering) per post. Du vil ikkje få politiattesten før den er ferdigbehandla hos Statsforvalteren eller Utanriksdepartementet. Dette betyr at det kan ta lang tid før du får den, og du bør derfor undersøke om du faktisk treng apostille eller legalisering før du kryssar av for det på skjemaet. Vi understrekar at du sjølv kan be Statsforvalteren eller Utanriksdepartementet om apostille/legalisering dersom det seinare viser seg at du treng det.

## **Punkt 12 og 13: Stad, dato og underskrift**

Søknadsskjema skal daterast og signerast av den som søker om politiattest. Signaturen må vere original og handskriven på skjemaet.

## **Punkt 14: Signatur føresette (viss søker er under 18 år)**

Viss den som søker om politiattest er under 18 år, må ein føresett signere på søknaden. Signaturen må vere original og handskriven på skjemaet. Vi godtar ikkje signatur skriven på pc eller på annan måte. Vi godtar heller ikkje bilete av signatur, for eksempel på pass eller bankkort.

### **Finnmark politidistrikt**

---

#### **Politiets enhet for vandelskontroll og politiattester**

Post: Postboks 113, 9951 Vardø

E-post: [politiattest@politiet.no](mailto:politiattest@politiet.no)

Tlf: (+47) 40 40 15 50

[www.politiet.no](http://www.politiet.no)